



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato  
25.02.2014  
Dykkar dato  
13.11.2013

Vår referanse  
2013/14661 561  
Dykkar referanse  
13/1425

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Fråsegn til søknad om bygging av Isdal pumpe og kraftverk

**Fylkesmannen meiner tiltaket kan få konsesjon. Det bør kartleggast om det er røye i Sysenmagasinet. Er det røye der, må det gjerast tiltak for å hindre vidare spreieing.**

Vi viser til brev av 13. november 2013 der NVE ber Fylkesmannen vurder søknaden om konsesjon frå Statkraft Energi.

#### Kort om prosjektet

Statkraft Energi søker om å få utnytte restfeltet i Isdalen ved å pumpe deler av avløpet frå Isdalsvatnet til Sysendammen. Planlagt periode for drift av pumpa er 15. april – 1. juni og 15. september – 15. november. Det er planlagt å bygge eit kraftverk i pumpestasjonen som skal vera i drift i 1. juni – 14. september og 15. november – 14. april. Slepp av vatn til kjøring gjennom kraftverk vil vera med å oppretthalde pålagt minstevassføring i Vøringsfossen. Det er òg planlagt å flytte dagens vinterslepp til Bjoreio frå utløpet av Sysen til Isdal kraftverk.

Utvalde produksjonsdata for utbygging og drift er vist i tabellen under.

| Prosjektdata                                  | Pumpe     | Kraftverk |
|-----------------------------------------------|-----------|-----------|
| Produksjonsdata (GWh/år)                      | 14,3      | 4,4       |
| Installert effekt (MW)                        | 1,9       | 1,5       |
| Slukeevne (m <sup>3</sup> /s)                 | 1,5       | 1,5       |
| Bruktid (timar)                               | 1050      | 2930      |
| Inntak (m.o.h.)                               | 832       | 874 -940  |
| Utløp (m.o.h.)                                | 874 - 940 | 832       |
| Minstevassføring (l/s) (15. sept. – 15. nov.) | 50        |           |
| HRV Isdalsvatn (m.o.h.)                       |           | 832,1     |
| LRV Isdalsvatn (m.o.h.)                       |           | 831,9     |
| Nettilknytning, kabel (m)                     |           | 50        |
| Nominell spenning (kV)                        |           | 22        |
| Vegbygging (m)                                |           | 130       |
| Utbyggingskostnad (mill.NOK)                  |           | 71,2      |
| Utbyggingspris (kr/kWh)                       |           | 3,78      |
| Reduksjon av INON                             |           | Nei       |

## Vår vurdering av tiltaket

Fylkesmannen vil vurdere konsesjonssøknaden ut frå omsynet til dei fagfelte vi har særleg ansvar for. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta vert lagt til grunn. Berre eventuelle konfliktområda er omtala.

### *Naturmangfald – flora og fauna*

Det er registrert fleire raudlisteartar i området. I tillegg er det fossefall i området. Av dei raudlista artane er det berre storlom som er vurdert til å bli rørt av tiltaket. Tiltaket vil føre til at vasstanden i Isdalsvatnet kan regulerast  $\pm 0,1$  m. Det skal byggast ein ny terskel ved utløpet av Isdalsvatn, denne er lenger og noko høgare enn eksisterande terskel. Dette vil redusere høgast vasstand i vatnet under flaum. Tiltaket vil etter vårt syn ikkje påverke storlommen nemneverdig. Det er planlagt tiltak for fossefallet, med etablering av reir i eigna område.

### *Fisk*

Isdalsvatnet har ein middels tett bestand av aure. Det viktigaste gytebekken/elva for auren i Isdalen er innløpselva Isdøla. Eitro bidreg monaleg til rekrutteringa, mens Isdøla frå utløpet av Isdalsvatn sannsynlegvis ikkje bidreg nemneverdig til bestanden av aure i Isdalsvatn.

Innløpselva Isdøla er i dag regulert, mesteparten av tilsiget vert teke inn på overføringstunnelen frå Sysendammen. Det sleppast i dag 1 - 1,5 m<sup>3</sup>/s vatn frå ei tappelupe i tunnelen til Isdøla i perioden 1. juni til 14. september. Ved gjennomføring av tiltaket vil sleppet som i dag går i elva, nyttast i kraftverket. Fråvær av dette frivillige sleppet frå bekkinntaket vil ikkje påverke oppgang av fisk og gyting. Det er sannsynleg at den reduserte vassføringa ikkje vil få store konsekvensar for bestanden av aure i Isdalsvatn.

Fylkesmannen har fått informasjon frå lokalt hald om at det er røye i Sysendammen. Det er ikkje funne røye i magasinet i fiskeundersøkingar frå 2002 og 2010. Om røye er kome til Sysen, har det skjedd etter 2010. Er det røye tilstade, er det allereie i dag ein risiko for spreiding til Isdalsvatnet. Det bør dokumenterast om det er røye i magasinet, og i så tilfelle gjere tiltak som hindrar vidare spreiding.

Den omfattande reguleringa av Eidfjordvassdraget har vore negativ for dei anadrome bestandane i vassdraget. Av omsyn til anadrom fisk har Statkraft søkt om, og fått godkjent, slepp av minstevassføring om vinteren, 0,7 m<sup>3</sup>/s i perioden 15. november til 14. april. Det er planlagt at dette sleppet skal gå gjennom Isdalen.

I perioden 1. juni til 14. juni er det pålagt å sleppe minstevassføring. Vatnet frå Sysendammen er kaldt botnvatn, og fører til ein senking av temperaturen i Bjoreio, noko som kan ha ført til lågare produksjon av laks. For å auke temperaturen i Bjoreio, har det i tillegg vore tappa frå Storlia og Isdalen. Simuleringar har vist at temperaturauken på lakseførande strekkje i Bjoreio har vore om lag 1 – 2 °C i tappeperioden, og så mykje som 3 - 4 °C i periodar (LFI Uni Miljø rapport nr 203) som følgje av tapping frå Isdalen og Storlia. Den auka temperaturen har ført til betre rekrutterings- og vekstforhold for laks og sjøaure i Bjoreio.

I konsekvensutgreiinga er det vurdert at ved gjennomføring av tiltaket kan det føre til 0,1 °C varmare vatn i Bjoreio om vinteren og 0,1 °C kaldare om sommaren. Temperaturendringa som følgje av tiltaket vil etter vårt syn ikkje påverke fisken i Bjoreio negativt. Det er anbefalt at så stor del som mogleg av minstevassføringa kjem frå Isdalen og Storlia. Særleg gjeld dette i periodane det tappast mykje frå Sysendammen.

### *Landskap og friluftsliv*

Det er store friluftslivsinteresser knytt til Isdalen. Terrenginngrepet vil skje i eit område som er prega av inngrep. Terskelen ved utløpet av Isdalsvatn vil ikkje endre inntrykket av området som det er i dag. Det bør takast omsyn til friluftslivsinteressene i anleggsfasen.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen meiner Statkraft Energi kan få konsesjon. Det bør dokumenterast kva som er status røye i Sysendammen. Om det er røye der bør det gjerast tiltak for å hindre vidare spreiding.

Tiltaket vil sannsynlegvis ikkje påverke raudlista arter i influensområdet. For anadrom fisk i Bjoreio er det anbefalt å oppretthalde eller auke andelen av minstevassføringa som Isdalen (og Storlia) bidreg med.

Med helsing

Anniken Friis e.f.  
seniorrådgjevar

Gry Walle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

|                                                                |                        |      |               |
|----------------------------------------------------------------|------------------------|------|---------------|
| Hordaland fylkeskommune                                        | Postboks 7900          | 5020 | Bergen        |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/<br>Bergen Turlag | Tverrgt. 4/6           | 5017 | BERGEN        |
| Miljødirektoratet                                              | Postboks 5672 Sluppen  | 7485 | TRONDH<br>EIM |
| Eidfjord kommune                                               | Simadalsvegen 1        | 5783 | Eidfjord      |
| Statkraft Energi                                               | Postboks 200 Lilleaker | 0216 | OSLO          |